



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Areal- og forvaltningsutvalet

Møtedato: 21.04.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 14.00 - 15.40

Møtedeltakarar	Parti
Sven Gil Westersjø	AP
Bengt Åke Hauge	H
Johannes Soppeland	H
Berit Søvik Østerhus	SP
Frode Riskedal	SP
Tårn Sigve Schmidt	SP
Mari Madland	SP

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Johannes Våge	KrF
Silje Sværen	SV

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Karolina Øye	KrF
Arthur Fjeldheim Egeland	SP

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
020/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
021/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
022/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
023/26	DELEGASJONSSAKER
024/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
025/26	Sluttbehandling - Detaljregulering for Viganeset nord industriområde - Fornyng - 202403

026/26	21/1 - Dispensasjon frå LNF og byggeforbod 100-m-beltet - Nasjonal turistveg kunstprosjekt
027/26	45/2, Vormedalsvegen 1584 - MELLOMBELS MASSELAGER
028/26	Behandling av klage - 71/23, Viganeset 89 - LUFTGASSFABRIKK
029/26	Behandling av klage - 71/23, Viganeset 89 - LUFTGASSFABRIKK
030/26	18/9, Jøsnesvegen 102 - GARASJE/REDSKAPSHUS
031/26	Behandling av klage - 113/1, Valheimsvegen 216 - Kyllinghus

020/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

AFU - 020/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent slik dei ligg føre.

021/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting:

AFU - 021/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vart godkjent slik den ligg føre.

022/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting:

AFU - 022/26 **Vedtak:**

Sakene ble tatt til orientering.

023/26: DELEGASJONSSAKER

Sakene vert tatt til orientering.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting:

AFU - 023/26 **Vedtak:**

Sakene vart tatt til orientering.

024/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

AFU - 024/26 **Vedtak:**

025/26: Sluttbehandling - Detaljregulering for Viganeset nord industriområde - Fornyng - 202403

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune godkjenner **“202403 Detaljreguleringsplan Viganeset nord industriområde”** med følgjande endringar ift høyringsutkastet:

Plankartet:

- Flytte omsynssone H_370 fare til den traseen straumledningane nå er lagt, dvs i vegkant, sjå skisse i vurderingsdel
- leggje inn vegtekniske opplysningar, jf innspel frå Fylkeskommunen

Førsegner: I tråd med endringar/tillegg vist i vedlegg: *Forslag til nye føresegner april2026*

Planskildringa oppdaterast i tråd med endringar og supplement ift ROS-vurdering.

Denne fornya planen vil med dette erstatte reguleringsplan R142, som opphevast, og erstattar mindre del av R164 for fylkesvegen.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Endringsforslag til føresegner, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Følgjande setningar strykes frå føresegner:

Under 3.1.2 strykes:

Verksamder som inneber ein spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller **vesentleg auka**.

trafikk/transportbehov er ikkje tillate i området, sjå rekkefølgjekrav § 6.2.1.

Kommunen kan nekte oppføring av verksemder som vil kunne sjenere omgivnadene med røyk, støv, lukt eller anna årsak.

Under 6.2.1 strykes:

1) det føreligge ei analyse om trafikk-og transportbehov til/frå ny verksemd. Det tillatast ikkje verksemder som generer vesentleg auka trafikk/transportbehov før fylkesveg 4678 og fv 4680 er utbetra

Korrigert opplysning: Saka har vært på høyring i juni 2026.

(Dato i sakframlegget under Innkomne uttalar er feil).

Tilleggforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP):

Følgjande setningar strykes frå føresegner:

Under 3.1.2 strykes:

Verksemder som inneber ein spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller **vesentleg auka**.

trafikk/transportbehov er ikkje tillate i området, sjå rekkefølgjekrav § 6.2.1.

Kommunen kan nekte oppføring av verksemder som vil kunne sjenere omgivnadene med røyk, støv, lukt eller anna årsak.

Under 6.2.1 strykes:

1) det føreligge ei analyse om trafikk-og transportbehov til/frå ny verksemd. Det tillatast ikkje verksemder som generer vesentleg auka trafikk/transportbehov før fylkesveg 4678 og fv 4680 er utbetra

Røysting

Forslag frå kommundirektøren med endringa, føreslått av Fjeldheim Egeland, samrøystes vedteken

AFU - 025/26 **Vedtak:**

Hjelmeland kommune godkjenner **“202403 Detaljreguleringsplan Viganeset nord industriområde”** med følgjande endringar ift høyringsutkastet:

Plankartet:

- Flytte omsynssone H_370 fare til den traseen straumledningane nå er lagt, dvs i vegkant, sjå skisse i vurderingsdel

leggje inn vegtekniske opplysningar, jf innspel frå Fylkeskommunen

Førsegner: I tråd med endringar/tillegg vist i vedlegg: *Forslag til nye føresegner april2026.*

Vedteken endringsforslag: *"Følgjande setningar strykes frå føresegner:*

Under 3.1.2 strykes:

*Verksemder som inneber ein spesiell brann- eller eksplosjonsfare eller **vesentleg auka**.*

trafikk/transportbehov er ikkje tillate i området, sjå rekkefølgjekrav § 6.2.1.

Kommunen kan nekte oppføring av verksemder som vil kunne sjenere omgivnadene med røyk, støv, ukt eller anna årsak.

Under 6.2.1 strykes:

1) det føreligge ei analyse om trafikk-og transportbehov til/frå ny verksemd. Det tillatast ikkje verksemder som generer vesentleg auka trafikk/transportbehov før fylkesveg 4678 og fv 4680 er utbetra"

Planskildringa oppdaterast i tråd med endringar og supplement ift ROS-vurdering.

Denne fornya planen vil med dette erstatte reguleringsplan R142, som opphevast, og erstattar mindre del av R164 for fylkesvegen.

026/26: 21/1 - Dispensasjon frå LNF og byggeforbod 100-m-beltet - Nasjonal turistveg kunstprosjekt

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune gir dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbod i 100-m-beltet og regulert planformål landbruk for etablering av kunstverket “Vardafletta” med tilhøyrande sti, gnr 21 bnr 1, Vardane ved RV 13.

Kunstverket er ein del av nasjonal satsing på attraksjon, reiseoppleving og kunst v/Statens Vegvesen Nasjonal turistveg, i tråd med Nasjonal transportplan og mål i kommuneplanen sin samfunnsdel ift reiseliv og arealstrategi

Dei rettslege vilkåra for å kunne gi dispensasjon jf. pbl § 19-2 er etter kommunen sitt syn oppfylt;

- Omsynet til strandsonevernet i § 1-8 og regulert landbruksformål blir ikkje vesentleg tilsidesett.
- Føremonene er større enn ulempen ved at tiltaket blir allment tilgjengeleg, er i tråd med nasjonale mål og påverknad på natur/landskap er marginal samanlikna med tidlegare prosjektert utsiktspunkt.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting

Forlag til vedtak samrøystes vedteken.

AFU - 026/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune gir dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbod i 100-m-beltet og regulert planformål landbruk for etablering av kunstverket “Vardafletta” med tilhøyrande sti, gnr 21 bnr 1, Vardane ved RV 13.

Kunstverket er ein del av nasjonal satsing på attraksjon, reiseoppleving og kunst v/Statens Vegvesen Nasjonal turistveg, i tråd med Nasjonal transportplan og mål i kommuneplanen sin samfunnsdel ift reiseliv og arealstrategi

Dei rettslege vilkåra for å kunne gi dispensasjon jf. pbl § 19-2 er etter kommunen sitt syn oppfylt;

- Omsynet til strandsonevernet i § 1-8 og regulert landbruksformål blir ikkje vesentleg tilsidesett.
- Føremonene er større enn ulempen ved at tiltaket blir allment tilgjengeleg, er i tråd med nasjonale mål og påverknad på natur/landskap er marginal samanlikna med tidlegare prosjektert utsiktspunkt.

027/26: 45/2, Vormedalsvegen 1584 - MELLOMBELS MASSELAGER

Forslag til vedtak

Areal- og forvaltningutvalet gjev dispensasjon frå LNF føremålet og § 22 i kommuneplanen for mellombels masselager på eigedom 45/2, med heimel i pbl § 19-2. Det vert gitt løyve til vesentleg terrenginngrep i samsvar med søknad, jf. pbl § 20-1. Løyve er gitt med følgjande vilkår:

- Sedimentasjonsbasseng og avskjeringsgrøft skal etablerast før masselagring kan skje.
- Det skal kun lagrast reine massar frå Tytlandsvik Aqua sitt område.
- Løyvet er gyldig i 2 år frå vedtaksdato.
- Arealet skal tilbakeførast til landbruksareal innan neste driftssesong etter endt masselagring
- Det skal ikkje vere anleggstrafikk på området på søndagar og heilagdar

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting

Forlag til vedtak samrøystes vedteken.

AFU - 027/26 Vedtak:

Areal- og forvaltningutvalet gjev dispensasjon frå LNF føremålet og § 22 i kommuneplanen for mellombels masselager på eigedom 45/2, med heimel i pbl § 19-2. Det vert gitt løyve til vesentleg terrenginngrep i samsvar med søknad, jf. pbl § 20-1. Løyve er gitt med følgjande vilkår:

- Sedimentasjonsbasseng og avskjeringsgrøft skal etablerast før masselagring kan skje.
- Det skal kun lagrast reine massar frå Tytlandsvik Aqua sitt område.
- Løyvet er gyldig i 2 år frå vedtaksdato.
- Arealet skal tilbakeførast til landbruksareal innan neste driftssesong etter endt masselagring
- Det skal ikkje vere anleggstrafikk på området på søndagar og heilagdar

028/26: Behandling av klage - 71/23, Viganeset 89 - LUFTGASSFABRIKK

Forslag til vedtak

Areal- og forvaltningutvalet avviser anmodning om utsatt iverksetjing av gitt byggeløyve, jf. Forvaltningslova § 42.

Areal- og forvaltningsutvalet stadfestar administrasjonen sitt vedtak og oppretthald avvising av klaga frå Kåre Viga Skretting, jf. Forvaltningslova § 28.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Rogaland for endeleg vedtak.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting

Forlag til vedtak samrøystes vedteken.

AFU - 028/26 Vedtak:

Areal- og forvaltningutvalet avviser anmodning om utsatt iverksetjing av gitt byggeløyve, jf. Forvaltningslova § 42.

Areal- og forvaltningsutvalet stadfestar administrasjonen sitt vedtak og oppretthald avvisning av klaga frå Kåre Viga Skretting, jf. Forvaltningslova § 28.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Rogaland for endeleg vedtak.

029/26: Behandling av klage - 71/23, Viganeset 89 - LUFTGASSFABRIKK

Forslag til vedtak

Areal- og forvaltningsutvalet avviser klagen frå Kåre Viga Skretting, jf. forvaltningslova § 28.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting

Forlag til vedtak samrøystes vedteken.

AFU - 029/26 Vedtak:

Areal- og forvaltningsutvalet avviser klagen frå Kåre Viga Skretting, jf. forvaltningslova § 28.

030/26: 18/9, Jøsnesvegen 102 - GARASJE/REDSKAPSHUS

Forslag til vedtak

Areal- og forvaltningsutvalet avslår søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 25 for oppføring av garasje. Ut frå ei totalvurdering er ikkje føremonane ved tiltaket større enn ulempene.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Utsetjingsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Saka utsettes til neste møte, då med synfaring.

Endringsforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP):

Saka utsettes til neste møte, då med synfaring.

Røysting

Endringsforslag frå Fjeldheim Egeland samrøystes vedteken.

AFU - 030/26 Vedtak:

Saka blir utsatt til neste møte, med synfaring på forhånd.

031/26: Behandling av klage - 113/1, Valheimsvegen 216 - Kyllinghus

Forslag til vedtak

Areal- og forvaltningutvalet syner til klage på byggeløyve for kyllinghus på eigedom 113/1. Klaga vert ikkje tatt til følgje. Saka vert sendt Statsforvaltar for endeleg avgjerd.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Tilleggsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

AFU ber kommunedirektøren om å sende sak 031/26 til statsforvalteren så snart som råd for endeleg avgjersle, grunna stram tidsfrist på kontrakt.

Tilleggsforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP):

AFU ber kommunedirektøren om å sende sak 031/26 til statsforvalteren så snart som råd for endeleg avgjersle, grunna stram tidsfrist på kontrakt.

Røysting

Både forslag frå kommunedirektøren og tilleggssforslag frå Fjeldheim Egeland samrøystes vedteken.

AFU - 031/26 Vedtak:

Klaga vert ikkje tatt til følge. Saka vert sendt Statsforvaltar for endeleg avgjerd.

Sak 031/26 blir sendt til statsforvalteren så snart som råd for endeleg avgjersle, grunna stram tidsfrist på kontrakt.